



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
200900459- /MD	02.12.2010	62336/2010/L20	Johnny Loen, 71 25 82 88	14.12.2010

Forslag til endringar i kart- og planforskrifta - fråsegn ved høyring


Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Vi har gått gjennom dei punkta som er foreslått endra og registrerer at utgreiingane for en stor del er samsvarande med erfaringar vi sjølve har gjort. Vi har derfor ikkje vesentlege merknader. Vi er særleg nøgd med at føremålet 6750 vert flytta til "bebyggelse og anlegg", av den enkle grunn at det gjer karta lettare forståeleg. Den grøne farga er lett å forveksle med friområde, noko som vel ikkje utan vidare er logisk i samband med naust og uthus. Omgrepet "badehus" er vi meir i tvil om. Vi reknar med at det her er meint enkle bygningar med sanitæranlegg og skifterom, opne for ålmenta. Ut frå dette vil badehus kunne plasserast i både i offentlege friareal og i LNFR-soner utan å vere vesentleg i strid med føremåla. Det er ikkje rett å jamføre dette med private naust og uthus.

Når det gjeld annullering av føremål 6730 vil vi spørje om ikkje den same argumentasjonen også gjer seg gjeldande for 6740.

Med helsing


Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef


Johnny Loen
Plansamordnar

Kopi:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her